

## Høyringsinnspel til Stortingsmelding om næringsutvikling og samarbeid med privat sektor.

Initiativ for Etisk Handel (IEH) takkar for invitasjonen til å koma med innspel i regjeringa sitt arbeid med stortingsmeldinga om næringsutvikling og samarbeid med privat sektor, innanfor utviklingsamarbeidet.

IEH sitt føremål er å fremja ansvarlege leverandørkjeder slik at internasjonal handel bidreg til å ivareta menneske- og arbeidstakarrettar, berekraftig utvikling og forsvarleg miljøhandtering.

IEH, som vart stifta i år 2000 av LO, Virke, Kirkens Nødhjelp og Coop Norge, har i dag har over 150 medlemmer; alt frå mikrobodrifter til større selskap, offentlege verksemdar, leverandørar til offentlig sektor, samt ulike organisasjonar. Felles for alle desse er at dei meiner at det skal løna seg å respektere grunnleggande menneskerettar og anerkjente miljøstandardar. Med hjelp frå oss arbeider medlemmene våre for å kartlegge korleis arbeids- og miljøtilhøva er i eigne leverandørkjeder, og for å tilpasse og forbetra eigen praksis slik at denne stør opp under berekraftige produksjon.

Med bakgrunn i erfaringane frå dette arbeidet veit me i IEH at norske bedrifter dagleg risikerer å bidra, anten direkte eller indirekte, til brot på menneskerettane. Men me veit ogso at dei fleste bedrifter ynskjer å driva verksemda i respekt for grunnleggjande menneskerettar og sørga for anstendige tilhøve i eigne leverandørkjeder.

**I tråd med det Regjeringa signaliserer i den nye Stortingsmelding 10 (2014-2015) og gjennom arbeidet med den nasjonale implementeringsplanen for FNs rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar (UNGP), meiner ogso IEH at all næringsverksemd bør leggja UNGP sitt rammeverk og sine forventingar til grunn. Dette bør fylgjeleg understreka som eit grunnleggjande premiss for arbeidet med næringsutvikling innan bistandssamarbeidet.**

For å sikra ei næringsutvikling som stør opp under føremålet i bistandssamarbeidet, er lokal tilpassing og involvering av lokale interessentar heilt sentralt. Berekraftig næringsutvikling har mange dimensjonar, både auka, og meir inkluderande, sysselsetjing, samt skatteinntekter, kompetanseutvikling, meir diversifisert – og dermed meir robust, økonomi, og auka eksportinntekter er sentrale element. Motstykke til dette er rasering av lokalmiljø, ressursuttapping, tvangsflytting og utbytande arbeidsforhold. Alle tiltak retta mot næringsutvikling bør difor ha eit klart føremål om å fremma dei berekraftige elementa og minimera dei potensielt sett skadelege effektane av næringsutvikling.

Næringsutvikling er ikkje automatisk berekraftig og utviklingsfremmande, samstundes er det liten tvil om at eit livskraftig næringsliv er ein sentral aktør i kampen mot fattigdom. Eit døme på det siste er tekstilindustrien i Bangladesh. Midt oppi mange, og sær viktige, utfordringar når det gjeld arbeidsvilkår, lønnsnivå, bygningssikkerheit og miljø, har bransjen

skapt meir enn 4 millionar sårt tiltrenge arbeidsplassar dei siste 30 åra. 75% av arbeidsstokken i kle-industrien er kvinner, med positive effektar på kvinna si rolle og fridom. På Dhaka Apparel Summit i desember 2014 vart det mellom anna presentert funn som tyder på at framvoksteren av desse arbeidsplassane har bidrege til auka giftealderen for unge jenter samt at fleire sender jentene på skule.

Me ser no at delar av den globale tekstilindustrien har byrja å flytta litt av produksjonen mellom anna til Etiopia, med dei utfordringane det medfører i balansen mellom konkurransedyktige kostnader og ivaretaking av menneske og miljø i og rundt produksjonen.

I våre innspel til arbeidet med meldinga vil me avgrensa oss til vårt kjerneområde; korleis sikra at varer i globale leverandørkjeder vert produsert i tråd med menneskerettar og eit berekraftig miljø.

### **Fokus på menneskerettigheter i global handel aukar**

Globaliseringa av produksjon og auka handel har utan tvil skapt millionar av sårt tiltrenge arbeidsplassar i mange land, og har på den måten gjort viktige bidrag til å løfta mange ut av fattigdom. Samstundes er det ingen tvil om at det har vore, og er, hard konkurranse mellom land for å tiltrekka seg sårt tiltrenge investeringar for utvikling av det lokale næringslivet og dermed fleire arbeidsplassar.

Både nasjonalt og internasjonalt ser me aukande tilnærming mellom forretningsinteresser og vernet av grunnleggande menneskerettar i den forstand at våre vestlege merkevarar, anten dei vil det eller ei, er nøydde til å ta arbeidsvilkår og miljøomsyn i leverandørkjedene sine på alvor på ein heilt annan måte enn for berre få år sidan. Her er det gledeleg at stadig fleire ser ut til å ta dette innover seg, samstundes er det liten tvil om at mange famlar med å finna den praktiske måten å gjera dette på. Fornuftige tiltak her vil fokusera på samarbeid, både for å læra av andre og for å dela på ressursane.

### **Næringslivet avhengig av arbeidstakarrettane**

Me ser ogso, med den Bangladeshiske kle-eksportindustrien som det kanskje tydelegaste dømet, at nasjonalt næringsliv ser at deira framtidige inntektsgrunnlag, og dermed arbeidsplassar, er avhengig av at vernet om arbeidstakarrettane m.m. vert styrka og kommunisert via merkevarane til forbrukarane på den globale marknaden. I motsett fall er faren stor for at merkevarane til slutt flyttar produksjonen til andre stader.

Berekraftig næringsutvikling handlar mellom anna om å sikra arbeidsvilkår i tråd med ILO sine kjernekonvensjonar, kamp mot korrupsjon og at næringsverksemda minimerar, eller eliminerer, negative effektar på miljø og lokalsamfunn som til dømes ureining av vatn og bruk av avgrensa naturressursar.

## **To sentrale trekk i skjeringspunktet mellom internasjonal handel og menneskerettar me meiner meldinga bør sjå nøye på er at**

- (norske) bedrifter i aukande grad leitar etter «ansvarlege» produsentar som ogso produserer billeg. Styrking av norske bedrifter sin kunnskap og kompetanse på kva dei skal sjå etter, ogso med tanke på å arbeida saman med leverandørane der det er forbetningsbehov når det gjeld menneskerettar og miljøhandtering, vil vera eit sentralt element i dette. For lokale produsentar vil anstendige arbeidsvilkår etterkvart vera eit tydeleg konkurransefortrinn for langsiktig marknadstilgang til vestlege marknader. Kompetansebygging lokalt innan t.d. arbeidstakarrettar vil dermed ogso vera eit fornuftig tiltak.
- I mange verdikjeder skjer delar av produksjonen – anten kjent eller ukjent for (norske) importørar – i lokal ikkje- eksportretta industri, til dels ogso i uformell sektor. Særleg på råvaresida kjem global vareproduksjon tettare på nedslagsfeltet til tradisjonell bistand og er samstundes eit område det sjølv store globale aktørar ser at samarbeid er den einaste færbare vegen, her er Better Cotton Initiative<sup>1</sup> eit interessant døme på konkret samarbeid.

## **For å sikra at næringsutvikling bidreg til utvikling innanfor rammene av berekraftig næringsliv, og tufta på respekt for menneskerettane slik dette kjem til uttrykk mellom anna i UNGP, OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap og i Meld.St. 10 (2014-2015), tek IEH til orde for at regjeringa:**

- Stør opp under tiltak og aktørar som bidreg med relevant kompetanse, ressursar og verktøy for norsk næringsliv i Norge
- Styrka innsats for informasjon og kompetansebygging av norsk næringsliv ute, med særleg vekt på samarbeid med bistandsorganisasjonar & partnerar
- Stør opp under tiltak som fremjar samarbeid, både innad i næringslivet, med sivilsamfunnsorganisasjonar og fagrørsla, og med partnerar i utviklingsland
- Legg etterleving av UNGP, særleg aktsemdsvurdering med omsyn til menneskerettar, til grunn for norske bedrifter som nyt godt av offentleg støtte
- Arbeider for å sikra ei rettferdig fordeling av både kostnader og inntekter ved næringsutvikling:
  - o At arbeidarane får sin rettmessige del av verdiskapinga (anstendig løn)
  - o At arbeidarane si helse ikkje vert øydelagt
  - o Næringsliv som tek vare på lokalmiljø og – samfunn
- I samarbeid med næringsliv, fagrørsla og utviklingsorganisasjonar, utarbeider eit føremålstenleg format for rapportering på utviklingsrelevante indikatorar for næringsutvikling

---

<sup>1</sup> <http://bettercotton.org/>

- Arbeider for at varer frå land med tollpreferansar ikkje misser denne ved ompakking (utan anna verdiskaping) i mellomland

Me vonar innspela er som nyttige og deltek meir enn gjerne med utdjupande synspunkt og kommentarar i det vidare arbeidet fram mot Stortingsmeldinga.

Oslo, 15.12.2014

Mvh



Per N. Bondevik  
Dagleg leiar

NOTAT